

Ein ny region veks fram

Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune inviterer til felles kulturkonferanse i Bergen torsdag 21. mars.



Bilete frå Radio Fjellom, Teaterfestivalen i Fjaler 2017. Fotograf: David Zadig

Kveldsarrangement onsdag 20. mars

Onsdag kveld inviterer vi til sosialt samvær og kulturelt innslag: Bli med på framsyninga "Heim 2 - Ei musikalsk vestlandskrønike, del 2: 1975 – 1985" på Hordaland Teater kl 19.00. Prisen er kr. 290. **Frist for bestilling av teaterbilletter er 1.februar.**

Konferanseprogram

09.30 - Registrering

10.00 - Opning

Forfattar Erlend O. Nøtvedt

Helsingar frå fylkesordførarar og Ungdommens fylkesting

Videohelsing frå kulturminister Trine Skei Grande

Møteleiar: Beate Husa leiar for utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland fylkeskommune

10.30 - Kulturen si kraft i nye regionar

Jon Paschen Knudsen, førsteamanuensis, Institutt for arbeidsliv og innovasjon, Universitetet i Agder

11.10 - Beinstrekk og kaffi

11.30 - Kultur er demokrati

Korleis legg vi best til rette for eit kultur- og idrettsliv, som ein relevant og representativ basis i bygging av demokratiet?

Inga Bolstad, Riksarkivar

Katti Hoflin, kulturchef i Västra Götalandsregionen, Sverige

Karen Espelund, fylkesdirektør for kultur og folkehelse, Trøndelag fylkeskommune

12.15 - Lunsj

13.15 - Korleis skal Vestland fylkeskommune gje næring til kulturlivet?

Forventingar og innspel frå sentrale aktørar i kultur- og idrettslivet i Hordaland og Sogn og fjordane. Denne delen vert leia av Karen Marie Hjelmeseter, leiar for hovudutval for næring og kultur i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Bernt Bauge, direktør Harmonien

Kjartan Aa Berge, administrerande direktør for musea i Sogn og Fjordane

Nils R. Sandal, leiar av interimstyret Vestland idrettskrins

Jon Skjerdal, Nattjazz

Adriana Alves, leiar Bildende Kunstneres Forening Hordaland

14.00 - Beinstrekk og kaffi

14.30 - Ein ny vår for kultur- og idrettspolitikken?

Kva er dei nye fylkeskommunane sitt handlingsrom på kultur- og idrettsfeltet? Har institusjonane noko å frykte? Vil regionalpolitisk styring føre til eit betre utvikling? Korleis vil politikarane ta ansvar for ein regional kulturpolitikk?

Debattleiar: Frode Bjerkestrand, kulturredaktør i Bergens Tidende

Panelsamtale mellom 5 – 6 kandidatar til det nye fylkestinget i Vestland

15.15 - Veggen vidare

Per Morten Ekerhovd, direktør for kultur, idrett og inkludering, Vestland fylkeskommune